



Vang kommune

ArkivSakID: 21/641
JournalpostID: 21/8412
ArkivID: PlanID-2015003,
PlanNavn-
Kommunedelplan
Tyinkryset,
PlanType-21
Saksbehandlar: Magnus Lajord

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/21	Kommunestyret	18.11.2021

Kommunedelplan Tyinkryset - sluttbehandling

Vedlegg:

12.11.2021	A_saksframlegg_høyringsmerknader_motsegn_endringar	17983
1		6
12.11.2021	1_Føresegn_2015003_sluttbehandling_2021	17983
1		1
12.11.2021	2_Plankart_2015003_KDP-Tyinkryset_A0_10112021	17978
1		1
12.11.2021	2_Plankart_2015003_KDP-Tyinkryset_A3_10112021	17978
1		2
12.11.2021	3_Plankart_2015003_Tyinkryset_utan_tekst_og_omsynsoner_A3_10112021	17978
1		3
12.11.2021	3_Plankart_2015003_Tyinkryset_utan_tekst_og_omsynsoner_KpPåskrift_A3_10112021	17978
1		4
12.11.2021	4_Plankart_2015003_utsnitt-Tyinkryset_føremålsflater_A3_10112021	17978
1		5
12.11.2021	4_Plankart_2015003_utsnitt-Tyinkryset_føremålsflater_kppåskrift_A3_10112021	17978
1		6
12.11.2021	5_Plankart_2015003_utsnitt_Tyinkryset_gjennomføringsoner_A3_10112021	17978
1		7
12.11.2021	6_Plankart_2015003_usnitt_Tyinkryset_infrastruktursone_H410_A3_10112021	17978
1	1	8
12.11.2021	7_Skiløyper_eksisterande_temakart	17978
1		9
12.11.2021	8_Planomtale_Tyinkryset_2015003	17979
1		0
12.11.2021	9_Konsekvensutgreiing_2015003	17979
1		1
12.11.2021	9_Konsekvensutgreiing_Fløgstrøndheisen_høyring	17979
1		2
12.11.2021	10_ROS_analyse_2015003	17979
1		3
12.11.2021	11_SVV_notat_konsekvensutgreiing	17979
1		4

12.11.202	12_Notat_vurdering_planområdet	17979
1		5
12.11.202	13_Masterplan_2018	17979
1		7
11.11.202	14_KS_sak_011_19_kdpl_Tyinkrysset_høyring	17979
1		8
11.11.202	15_KS_sak_052_19_kdpl_Tyinkrysset_sluttbehandling	17979
1		9
11.11.202	16_KS_sak_004_20_lovligheitskontroll_kdpl_Tyinkrysset	17980
1		0
11.11.202	17_KS_sak_069_20_vidare_planprosess	17980
1		1
11.11.202	18_KS_sak_003_21_vurdering_planområder	17980
1		2
11.11.202	19_Kommunedelplan Tyinkrysset 2021 - offentlig ettersyn (L)(378125)	17980
1		3
12.11.202	20_Rammeplan_VA_Tyinkrysset_2019_notat	17980
1		4
12.11.202	21_Rammeplan_VA_100_oversikt_E09	17980
1		5
12.11.202	22_Rammeplan_VA_visualisering_trykksoner	17980
1		6
11.11.202	23_NVE Oppmoding om trekk av motsegn - kdpl for Tyinkrysset (L)(392602)	17980
1		7

Saksopplysningar

Kommunedelplan for Tyinkrysset(planID: 2015003) vart sluttbehandla i kommunestyret 05.09.2019 i sak 052/19. I etterkant av vedtaket vart det sett fram krav om lovlegheitskontroll som vart behandla i kommunestyret 13.02.2020 i sak 004/20. I denne saka vart det vedteken at vedtaket i sak 052/19 skal opp til ny behandling jf. forvaltningsloven §35.

Det fylgjer av forvaltningsloven §35 at kommunestyret har generell omgjeringskompetanse, dvs. myndigheit til å gjera om og fatte nytt vedtak. Dette er uavhengig av om eit vedtak er påklaga eller det er sett fram krav om lovlegheitskontroll. Kommunestyret har derimot ikkje omgjeringskompetanse til å vedta ein arealbruk som ikkje har vore ute til høyring og offentlig ettersyn.

I prosessen som følgde i etterkant av møtet 13.02.2020 vart det som kjent fremme ynskje om fleire endringar i kommunedelplanen og det vart fatta fleire prosessuelle vedtak. Desse har no vore på høyring og oppheving av reguleringsplanar er skilt ut som eigen sak for å sikre klageadgang og at vedtak om oppheving blir fatta i samsvar med pbl. § 12-14.

Kommunedelplanen har i tillegg til lovlegheitskontrollen vore til politisk behandling i fylgjande saker:

- KS 13.12.2019 – sak 119/19 - Tyinkrysset m/alpin
- KS 10.06.2020 – orienteringssak, planprosess mot sluttbehandling av kdpl Tyinkrysset
- KS 15.10.2020 – sak 069/20 – Vidare planprosess mot sluttbehandling av kdpl Tyinkrysset
- KS 11.02.2021 – sak 003/21 – Kdpl Tyinkrysset – vurdering av planområdet

Høyringsmerknader og motsegn

GRUNNA STORLEIKEN PÅ SAKSFRAMLEGGET ER HØYRINGSMERKNADER, MOTSEGN OG ANDRE ENDRINGAR AV KOMMUNEDELPLANEN SKILT UT I EIGE VEDLEGG:

A_saksframlegg_høyringsmerknader_motsegn_endringar.

LES DETTE VEDLEGGET FØR VURDERING ETTER VASSFORSKRIFTA, NATURMANGFALDLOVA OG SAMLA VURDERING.

Ny vurdering etter vassforskrifta

I samsvar med vassforskrifta § 12 skal kommunen som myndigheit for sine vassdrag vurdere om nye aktivitetar eller nye inngrep i eit vassdrag vil føre til at vassdraget sitt kjemiske eller økologiske mål ikkje nåast, eller om vassdraga blir forringa.

Begnavassdraget renn gjennom planområdet, og er på denne strekninga verna mot ytterligare regulering ihht. verneplan for vassdrag. I samband med arbeidet med vassforskrifta og klassifiseringa av alle vassførekomstane er hovudvassdraget i planområdet, øvre deler av Begna og Otrøvatnet, klassifisert som «sterkt modifiserte vassførekomstar». Her skal «godt økologisk potensial» nåast i 2021. Hovudvassdraget er her klassifisert som «moderat» pga. reguleringa (dam, mangel på fiskevandringar og mangel på minstevassføring).

Omsyn i planområdet som kan påverke Begnavassdraget og Otrøvatnet er overvatn og vatn og avløp. Overvatn skal jf. føresegna til planen handterast lokalt og det skal utarbeidast særskilte planar for handtering av overvatn. Vatn- og avløpsanlegg skal godkjennast av kommunen, jf. føresegn 6. Generell byggegrensing mot mindre vassdrag med omsyn til flaum er sett til 20 meter, medan NVEs aktsemdskart er lagt til grunn for oppdatert omsynssone for større vassdrag (nedbørsfelt over 20km²). Det er innarbeidd eige omsynssone for kantvegetasjon langs dei tre større vassdraga innanfor planområdet, og generell breidde på kantvegetasjon mot vassdrag er sett til 4m. Dette vil samla sett vera positivt for å redusere inngrep nær vassdrag.

Kommunedirektøren vurderer det til at kommunedelplanen ikkje vil påverke dei ulike vassdraga innanfor planområdet sin økologiske status, og ein gjer difor ikkje vidare drøftingar om vilkår for ny aktivitet eller inngrep, jf. vassforskrifta § 12.

Ny vurdering etter naturmangfaldlova

Ihht. naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit, og vurderinga skal koma fram av avgjerda. For å ha eit godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere konsekvensane av tiltaket, jf. § 8, er det gjort søk etter informasjon om førekomst av evt. verdifulle naturmiljø, raudlisteartar, utvalde artar eller –naturtypar i Miljødirektoratet sin naturbase og Artsdatabanken sine artskart.

I planområdet er det registrert både truga artar og artar av særleg stor forvaltningsinteresse (sjå figur 2 i planomtala). Tabell 1 i vedlegg 1 i planomtala gjev ei oversikt over artane, der det er 20 ansvarsartar og 12 raudlista artar (1 sterkt trua (svarthalespove), 2 sårbare (bergand og lappspurv) og 9 nært trua).

Det er derimot ikkje registrert truga artar eller artar av særleg stor forvaltningsinteresse innanfor avgrensinga og forslaget til nye utbyggingsområder i kommunedelplan. Kommunedirektøren vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å fatte ei avgjerd utan at ein påfører naturmangfaldet alvorleg og/eller irreversibel skade. «Føre-var-prinsippet» kjem difor ikkje i bruk.

Kommunedelplanen medfører auka utvikling og bruk av området og ein del omdisponering av LNFR-areal til utbyggingsføremål. Likevel sjåast ikkje prinsippa i §§10 (om samla belastning), 11 (om at kostnadane ved verdiminking av miljøet skal berast av tiltakshavar) og 12 (om miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar) på som relevante her.

Samla vurdering

Kommunedelplanen som no føreligg er eit resultat av mange års arbeid. Arbeidet strekker seg attende til 2007 då det vart etablert ei styringsgruppe som skulle jobbe med utvikling av Tyin/Filefjell som reisemål. Det vart vidare etablert ei masterplangruppe og utarbeidd eit forstudie i 2008 som skulle avklare sentrale problemstillingar knytt til framtidig utvikling av Tyin/Fil efjell. Ecosign fekk oppdraget med å utarbeide masterplanen for området som var ferdig i 2011. Denne er revidert eit par gonger (siste i 2018) for å ta omsyn til endringar som har skjedd undervegs, som t.d. utbygging av E16.

Planprosessen med denne konkrete kommunedelplanen starta i februar 2015 då det vart annonsert oppstart av planarbeid og planprogrammet vart sendt på høyring.

Det er etter vedtak 5. sept. 2019 gjort fleire endringar i kommunedelplanen for Tyinkrysset. Desse har no vore ute på høyring og det er gjort ytterligere endringar og forbetringar av planen for å imøtekoma innkomne merknadar og motsegn frå overordna myndigheiter.

Den samla kommunedelplanen som no føreligg til behandling legg til rette for ei relativt sett stor og framtidretta utvikling av området. Særskilt er det lagt mykje arbeid i dei juridisk bindande dokumenta slik at desse blir gode styringsdokument for vidare areal- og byggesaksbehandling i kommunen.

Med heimel i forvaltningsloven (fv) § 35 blir vedtaket i sak 052/19 take opp til ny behandling, og med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) § 11-15 blir planen lagt fram til vedtak for kommunestyret.

Med utgangspunkt i vurderingane ovanfor vil kommunedirektøren tilrå at kommunedelplan for Tyinkrysset med planID 2015003 blir vedteken.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i forvaltningsloven §35 blir vedtaket i sak 052/19 take opp til ny behandling.

Kommunestyret støttar seg på kommunedirektøren sine vurderingar av naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12, samt vurderingane til vassforskrifta § 12. Kommunedelplan for Tyinkrysset med planID: 2015003 blir med dette vedteken jf. plan- og bygningslova § 11-15.

Kommunestyret 18.11.2021:

Behandling:

Framlegg til vedtak med tillegg av ordet «berekraft» i Føresegn punkt 1 Siktemål med planen: Samrøystes vedteke

Hovudmålsettinga til Vang kommune er å leggje til rette for at Tyinkrysset skal utvikle seg til ein stor, berekraftig, heilårs reiselivsdestinasjon. Saman med grunneigarar og næringslivet ynskjer kommunen å arbeide aktivt og langsiktig for å nå målsettingane som ligg i masterplanen som er utarbeidd for området.

Habilitet: Tom Kjetil Tørstad (SP), stilte spørsmål om habilitet - han var erklært inhabil jf. forvaltningslova §6. 2.ledd - vedteke med 1 stemme mot. (Leif Solemsli, BIV) Tørstad deltok ikkje i behandlingen av saka

Arealplanleggjar Magnus Lajord la fram saka.

KS- 065/21 Vedtak:

Med heimel i forvaltningsloven §35 blir vedtaket i sak 052/19 take opp til ny behandling.

Kommunestyret støttar seg på kommunedirektøren sine vurderingar av naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12, samt vurderingane til vassforskrifta § 12. Kommunedelplan for Tyinkrysset med planID: 2015003 blir med dette vedteken jf. plan- og bygningslova § 11-15.

